Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Juletre og julehalm.

Oppskr. av: Jon Løyland

(adresse): Grendi Setesdal

Fylke: Aust-Agder

Herad: Valle

Bygdelag: Øvernaasa

Gard: Løyland

G.nr. 27 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. No er det vanleg på alle gardar

2. Ja eg minnest godt fyrste joletreet på Løyland. Det var i 1890 åri. Ei morsyster sende joletrestas heim fra Oslo,

3. Sovidt eg minnest var der jolegran på midnatts=messa ved hundreåro skiftet

4. Ein strådde stundom granbar på golvet

6. Omlag 1½ m.

7. Ja med brespynt, glitter fraktposar og jolelys

8. Vanleg borni der det er slike - saman med eit vakse - menneske. - mor eller far eller - -

9. Vanleg stend det på golvet. Er der sma born som rir ned - so kanhende det vert sett på eit bord.

10. Jolekvelden og når borni gjeng rundt. Det er ofte når gamle borni er tilstades. Nyårskvelden vert gjort hende - likeins.

11. Ja, ein gjeng rundt der det er folk til det. Helst der det er born. Ein syng. Eg er so glad kvar jolekveld, No koma Guds englar, Fra Betlehem eit gjetord gjeng.

12. Gjerne til 13dag jol. Mikt i dei ymse husmar.

13 Hausta eller „taka ned". Det er helst borni som „tek ned" jolestaren, og får det gode som er i posane

14. Alltid gran ein nyttar her i Setesdal.

15. Ein lagar aldri joletre her i Setesdal. Men kanhende

4004

ein borar og set inn ein kvist eller tvo om treet er ujamnt, naknare på eine sida.

16. Nei ein sette ikkje upp serskilt tre. Ein sette upp fuglebandet i eit tre ute i hagen, eller på ei stong ein sette i snøen eller batt til ei hagestolpe.

1. Jolehalmen kjenner og ikkje noko til.

4004
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING